

# ÅRSMELDING - 2020

## MØRE & ROMSDAL GJETERHUNDLAG

---

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 4 lokale gjetarhundlaga, og samansetninga har vore:

**Sara Larsson, leiar / vara: Anne Kathrin Melle – VSG0**

**Maren Ann H. Løvoll – vara:? – NRG**

**Merethe Hellevik / vara: Terje Hurlen – MMG**

**Andor Bjørke /vara: Nils Edmund Stråmyr – ISG**

Styret har hatt fleire styremøter gjennom året, og totalt 7 saker har vore behandla i løpet av året.

### Året 2021

---

#### Nye godkjende ekvipasjar/bruksprov

Møre og Romsdal har fått 9 nye godkjende ekvipasjar i fylket 2020.

#### Gjetarhundprøver/Gjeterhundkurs

Det har i år vore tildels lite gjeterhundaktivitet i Møre og Romsdal, grunna COVID-19. Det har tilsaman vore arrangert 9 prøver rundt om i fylket, og arrangert 7 gjeterhundkurs med tilsaman 70 deltakarar.

#### NM deltaking for MRGL 2020

I alt fem ekvipasjar frå Møre og Romsdal deltok i årets NM på Rogaland, på Bryne.

#### Jan Myklebust og Akersborg REX og Frøya, Atle Arnesen og Mirk og Fern og Philipp Schips og Ulla

En av fylkets ekvipasjar kvalifiserte seg også til finalen, og resultatmessig NM under ett vart:

1. Jan Myklebust med Akersborg Rex på 14 plass
2. Jan Myklebust med Frøya på 31 plass
3. Philipp Schips og Ulla på 34 plass
4. Atle Arnesen med Mirk på 55 plass
5. Atle Arnesen med Fern 68 plass

Resultatmessig må ein seie seg godt nøgd med disse plasseringene i NM, og fylket under eitt beheldt antall hunder til neste års NM. Møre og Romsdal har no 5 plasser til NM i Gjetarhund 2021.

#### MRGL nytter høve til å gratulere disse med ein kjemp flott innsats i NM 2020

#### Fylkesmeisterskapet

Fylkesmeisterskapet blei arrangert på Gjelsten i Fiksdalen den 10 oktober. Dommer var Bjørn Ola Vaagaasarøygard frå Bjorli. Fylkesmeisterskapet blei arrangert med finale same dagen, der dei seks

beste frå den innleiande runden stilte til konkurranse for å tilslutt kunna smykke seg med tittelen «Fylkesmeister 2020» Fylkesmeister blei Jan Myklebust med hunden Akersborg Rex. Tittelen «Beste unghund for 2020» gjekk til Atle Arnesen og hunden Kira. MRGL gratulerer så mykje med både titlane og plasseringene.

## Unghundcup´n 2020

Grunna COVID-19 blei det ikkje avholdt Unghundcup´n i 2020.

## Nettsidene

Nettsidene til MRGL ([www.mrgl.no](http://www.mrgl.no)) har og i 2020 vore oppdatert av webansvarlig Andor Bjørke med bistand frå Merethe Hellevik. Det er viktig for medlemmane at vi har ei velfungerande nettside slik at ein får ut informasjon og vidare sår spirar til nye tiltak rundt om i fylket.

## Oppsummering

Året 2020 vart sterkt prega av COVID-19, og svært mange av dei planlagde arrangementa vart avlyst.

Styret i MRGL håper at dei neste åra kan normalisere seg, da vi er heilt avhengige av at lokallaga driv aktivt gjetarhundarbeid og tek seg av alle nykommarane rundt om i fylket. Uten at det fungerer godt kan resultatet bli mindre nye bruksprov og opptrening av nye gjetarhunder.

Sara Larsson,

Leiar, Møre og Romsdal Gjetarhundlag - MRGL